



Informasjon frå
Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

2/2015

NOVEMBER • ÅRGANG 23

Alt må sorterast

SIM har stort fokus på at avfallet me sender til attvinning er så "reint" som mogeleg. Difor må alt avfall som vert levert på våre miljøsentralar sorterast.

Les meir på s. 2 og 3



Sortering på miljøsentralen

Malingsspann, batteri, mobiltelefonar, lyspærer og farleg avfall. Lista er lang over produkt som hamnar i brennbar-rest konteinaren på SIM sine miljøsentralar.

Dette er avfall som inneheld miljøgifter, og som skal leverast som farleg avfall eller EE-avfall.

SIM har som mål at alt avfall som vert sendt til attvinning er så "reint" som mogeleg. Det vera seg om det går til materialattvinning eller energiattvinning.

Er det så farleg om det hamnar farleg avfall i restavfallet?

Slikt avfall skal sendast til mottak som har spesialisert seg på destruksjon. I tillegg kan det vera materiale som kan nyttast om igjen, særleg i EE-avfallet.

Korleis kan eg som kunde hjelpa til?

Du kan passa på at alt avfallet du kjem med til miljøsentralen er sortert og vert kasta i rett konteinar.

Har SIM eit godt tips til korleis?

Det er lurt å sørgja for at avfallet du leverar er pakka på ein slik måte at ein lett kan sjå kva du skal levera. Det gjer jobben lettare for kundehandsamaren som skal



Saman for miljøet


SIM er oppteken av rein natur, og det er eit engasjement me veit me deler med innbyggjarane i SIM- kommunane. Det ser me på interessa for, og deltakinga i, våre ryddeaksjonar.

Det beste er likevel at minst mogeleg avfall hamnar i naturen.

For å få ut budskapet har me no laga haldningsskapande filmar. Tre filmar med humoristisk vri som me håpar publikum vil like og vonleg ikkje kjenna seg att i.



Sjekk ut filmene på facebook eller heimesida vår.



SIM er på lag med naturen. Bli med på laget du óg!

1-2-3 ACTION!

retteleia deg om kvar avfallet skal kastast. Til dømes vil det ikkje vera lov å kaste usorterte eller ikkje kontrollerte sekkar i konteinerane.

Kva gjer eg dersom eg kjem på miljøsentralen med ugjennomsiktleg sekk?

Dersom du nyttar ugjennomsiktleg sekk heime til å frakte avfallet i, er det i orden, så lenge du sorterar avfallet når du kjem på miljøsentralen. Det beste rådet er å bruke gjennomsiktlege sekkar.



Ja takk

Det kan vera lurt å bruka gjennomsiktlege sekkar når du leverar på miljøsentralen. Då slepp du å sortere.



10 000 har SIM APP, har du?



Last ned SIM sin app som varslar deg om å setje ut rett dunk, til rett tid. I appen får du og informasjon om opningstider på våre miljøsentralar. For hyttekundar: Plassering av hyttekonteinar.

Gjer som 10 000 andre; last ned appen her!

SIM sin tømme kalender-app fekk Gullsild for beste løysing for mobil og nettbrett under årets Gullsild-utdeling i Haugesund i februar.

Ei flott utmerking til eit bra produkt.

Juryens begrunnelse

«Et presist verktøy! Velfungerende og praktisk app som burde vært en del av servicen til hver eneste interkommunale renovasjonsetat i hele Norge.»

SIM sine mange sekker



Sekk for plastemballasje

Kva skal i sekken?

Rein og tørr plast som har vore emballasje.

Kva skal IKKJE i sekken

All anna plast

Kvar leverar eg sekken?

På ein av SIM sine miljøsentralar

Kvar får eg tak i sekken?

På ein av SIM sine miljøsentralar

Kostar det noko?

Nei



Blank sekk!

Les om blank sekk på s. 2 og 3



Tekstilsekk

Kva skal i sekken?

Alle typar tekstilar, sko, belter, vesker. SIM har avtale med Fretex som anten sel tekstilane eller brukar dei om att. Det gjer ikkje noko om tekstilane er øydelagde. Desse vert nytta om igjen til nye produkt.

Kva skal IKKJE i sekken

Skitne og tilgrisa tekstilar, bøker

Kvar leverar eg sekken?

På ein av SIM sine miljøsentralar

Kvar får eg tak i sekken?

På ein av SIM sine miljøsentralar

Kostar det noko?

Nei



Ekstrasekk

Kva skal i sekken?

Restavfall. Denne sekken er eit tilbod til deg som av og til har trong for litt ekstra plass til restavfallet.

Kva skal IKKJE i sekken

EE- avfall, farleg avfall, og matavfall

Kvar leverar eg sekken?

Sekken kan du setje ut saman med restavfallsdunken.

Kvar får eg tak i sekken?

Den får du kjøpt på ein av SIM sine miljøsentralar, eller i kundetorget på kommunehuset/rådhuset.

Kostar det noko?

Sekken kostar 50 kroner

Vel rett dunk

Store dunkar eller små dunkar. Ein dunk eller fleire dunkar. Veit du kva SIM kan tilby deg for å gjere avfallshandteringa enklare?

Type dunk?

Som abonnent i SIM har du stor valfridom i storleik på dunkar.

Standardoppsett er 140 l papiravfall, 140 l bioavfall og 240 l restavfall. Eit standardoppsett, med tømning av restavfall og papiravfall kvar fjerde veke, og tømning av bioavfall kvar andre veke kostar i snitt kr. 2 253,-.

Du kan og dele dunk med ein eller fleire naboar.

Gebyret varierar frå kommune til kommune. Dette av di kommunane varierar påslaga sine. Kostnaden kommunane tek for renovasjonsordninga er difor ulik.

SIM har forvaltninga i Bømlo, Fitjar, Kvinnherad og Sveio, medan kommunane Austvevoll, Stord og Tysnes har forvaltninga sjølv.



Gul sekk

Kva skal i sekken?

Usortert avfall

Kva skal IKKJE i sekken

EE- avfall og farleg avfall

Kvar leverar eg sekken?

Sekken skal setjast ut på dagen då restavfallet vert henta.

Kvar får eg tak i sekken?

Denne sekken er for dei som har søkt og fått innvilga fritak for sortering. Dersom du meiner du har rett på fritak for sortering, kan du søkje om fritak. Les meir på våre nettsider www.sim.as, eller ta kontakt på telefon 53 45 78 50


Kostar det noko?

Ta kontakt med SIM for pris.

Biodunk:



140 l



Kompost



Prisar og meir informasjon?

www.sim.as


Papirdunk:



140 l



240 l



660 l

Restavfall:




140 l



240 l



370 l



660 l

SIM sine fem julegåvetips som reduserer avfallsmengda og aukar gjevargleda:

Gåver med meaning

Stressar du frå butikk til butikk og lurar på kva du skal gi bort i år også? Julegåvehandelen er spådd å nå nye rekordar før me har kome til 24. desember. Kanskje det er på tide å tenkja litt nytt? Å gi bort opplevingar og tenester, kan vera vinn/vinn for givaren. Når ein legg ned ekstra tanke og tid bak ei gåve skapar det verdi for begge partar.



Gjenbruk er bra!

Ein kan finne fine og morosame gåver på gjenbruksbutikker. Kanskje er du kreativ og nevenyttig? Tenk vintage og sy om før du gir det bort. Det varmar litt ekstra å få ei gåve nokon har lagt både tid og tanke bak.

Gi ei oppleving!

Det fins mange kjekke opplevingar som du kan finne på i Sunnhordland. Kva med eit besøk til Halsnøy Kloster med omvisning, eit kinobesøk eller ei teateroppleving? Dette skapar minner for livet og vil garantert fella i smak.



Ryddastrender for fleire tusen

Bremnes idrettslag sitt G14 lag har ved fleire høve vore med i SIM sine ryddeaksjonar. I år gjorde dei ein ekstra innsats og fekk ein del av ekstrapotten SIM fekk frå Miljødirektoratet. Gutane har rydda over 300 sekker med bos, noko som resulterte i over 60 000 kroner til laget.

- Desse skal me bruka til turar og overnatting på hotell når me reiser på cup,

fortel Rune Habbestad, ein av foreldra og initiativtakar til dugnaden.

Marin forsøpling er ein av dei største miljøutfordringane me har. Forsøplinga aukar i omfang og utgjer etter kvart ein stor trussel både for dyre- og fugleliv, men og for oss menneske. Særleg problematisk er plast, som vert brutt ned til mikroplast.

Ekstraløyving frå Miljødirektoratet er eit ledd i å få auka fokus på denne utfordringa.

SIM fekk 350 000 kroner, av ein pott på 7 millionar kroner. Totalt kom det inn 90 søknadar til Miljødirektoratet der 21 tiltak fekk støtte.



Barnevakt med stor B

Har du familie og vener med små born? Då kan eit gåvekort på barnevakt vera tingen å gi dei. Ikkje alle har like enkelt for å spør om hjelp, og ei hjelpande hand kan vera med på å letta dagane for travle småbornsførelde. Ei gåve som gir deg fine stunder med små sjarmørar!

Kjøp kortreist!

Kompostjord med jordforbetningsmiddel av ypparste kvalitet får du hos SIM.

Kombiner det med ein lovnad om å gjera hagen klar til våren så har du ein vinnar!



Restaurantbesøk

Kven drøyer ikkje om eit betre måltid saman med ein god ven? Kvardagen susar avgarde og få set av tid til å treffast. Ei julegåve som er fin for både givar og mottakar.



Bruk kort!

Ved alle SIM sine miljøsentralar kan ein bruke kort som betalingsmiddel. SIM oppmodar kundar til å bruke kort avdi det går fortare både for deg som kunde og for dei tilsette ved miljøsentralane.

Dunkbyte kan ta seks veker

Det kan ta opptil seks veker frå du har bestilt ny bosdunk til du får den heim. Årsaka er at SIM køyrer "oppsamlingsheat" med utdeling av bosdunkar i kvar kommune kvar sjetste veke. Dersom du tykkjer det vert for lenge å venta på dunken, kan du henta ny sjølv på miljøsentralen. I så fall må du melda frå til SIM på førehand.

Sju miljøsentralar

Miljøsentralen er ein populær stad for mange. SIM har miljøsentralar i alle dei sju eigarkommunane, Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes. På miljøsentralen kan du kvitta deg med avfall som du ikkje får plass til i bosdunken, eller som du ikkje har lov å kasta der.



Meld frå om manglande tømning

Det hender at bosbilen køyrer forbi utan å tømme. I slike tilfelle ynskjer me å få melding så snart som råd. Det er enklare å ordna ekstratømming når bosbilen er i ditt område enn når den er i gang med ei anna tømmerute. Sjå telefonnummer til tømmebil på tømme kalenderen



Har du rett abonnement?

SIM har ei fleksibel renovasjonsordning. Du kan tilpassa abonnementet til ditt behov; anten ved å bestilla oftare/sjeldnare tømning av restavfall, be om større/mindre bosdunk, dela dunkar med andre eller kompostera heime. Du kan også sortera ut plastemballasje og glas- og metalleballasje og kostnadsfritt levera dette til miljøsentral/returpunkt.



LØYVING FRÅ MILJØDIREKTORATET

SIM fekk i år ei ekstraløyving frå miljø-direktoratet. Midlane vart tildelt i samband med den nyoppretta tilskotsordninga «Tilskot til tiltak mot marin forsøpling». I den forbindelse søkte me etter lag og organisasjonar som ville vera med å bidra til ein reinare kyst.

SENDAR:

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS
Svartasmoget
N-5419 Fitjar

OFFENTLEG INFORMASJON

SIM i mange kanalar

SIM er oppteken av at du som kunde skal kunne nå oss, og få informasjon på ein god måte. Difor har me teke i bruk fleire ulike informasjonskanalar der du kan få informasjon.

Nettsider

På våre nettsider, www.sim.as, vil du finna det meste av informasjon om ordningane våre, om anlegga våre og om selskapet. I tillegg kan du senda inn ulike søknadar via våre skjema, rekna ut prisar for dei ulike dunkalternativa, søkja om å vera med på våre ryddedugadar m.m.

APP

SIM har utvikla ein app som minnar deg på å setje ut rett dunk, til rett tid. I appen kan du og få informasjon om opningstider på våre miljøsentralar, kvar næraste returpunkt for glas- og metallemballasje og kvar du finn hyttekonteinerane.

Last ned appen ved å søkja på "SIM tømme kalender" i Google Play eller App Store, eller last ned appen via: app.sim.as.

Facebook

SIM sine facebooksider skal gje deg som kunde rask og lett tilgjengeleg informasjon om ordningar, miljørett atferd eller andre praktiske oppgåver. Du er også velkommen til å ta kontakt dersom du har spørsmål.

Er du på facebook? Gå inn og lik oss og få nyttig informasjon. Søk på SIM eller SIMrenovasjon.



Følg oss på facebook!

Magasin

SIM-nytt: vert gjeven ut to gonger i året, eller ved behov. SIM- nytt vil ha meir utfyllande informasjon om ulike tema. I tillegg vil det vera ein del informasjon som er sesongbasert.

Hytte SIM-nytt: Informasjon til våre hyttekundar. SIM har over 7000 hyttekundar. I hytte SIM-nytt ynskjer me å gje våre hyttekundar god informasjon om det som vedrører hytteabonnementet.

Slam-nytt: SIM har ansvar for slamtømming i eigarkommunane. I slambladet vil du som eig ein slamtank få informasjon om kva du skal gjera før og etter at tanken er tømd.

OPNINGSTIDER MILJØSENTRALANE*

*Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

AUSTEVOLL, PORSDALEN

Torsdag kl. 10.00-18.00
Perioden 1. april-30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00-14.00
Perioden 1. okt.-31. mars:
Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

BØMLO, HOLLUNSDALEN

Måndag, tysdag, onsdag og torsdag kl. 12.00 – 18.00

FITJAR, SVARTASMÅGET

Måndag kl. 10.00 – 18.00

KVINNHERAD, HUSNES INDUSTRIOMRÅDE

Måndag og torsdag kl. 13.00 – 18.00
Tysdag og fredag kl. 08.00 – 13.00
Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00 – 14.00
Perioden 1. okt. – 31. mars:
Første laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00

STORD, HEIANE MILJØSENTRAL

Måndag –fredag kl.10.00 – 18.00
Laurdag kl. 10.00 – 14.00

SVEIO, SVEIÅSEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

TYSNES, EREDALEN

Tysdag kl. 10.00 – 18.00
Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00 – 14.00
Perioden 1. okt. – 31. mars:
Siste laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00



SIM

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

Svartasmoget, N-5419 Fitjar
Telefon: 53 45 78 50
Telefaks: 53 45 78 60

E-post: sim@sim.as
Nettstad: www.sim.as